

Firda, 14. 06.1960:

## **Andrepremier til Johannes Holsen og Peder Råd.**

Landskappleiken i hardingfele og folkedans vart avvikla på Voss sist laurdag og sundag under stor deltaking. Odd Bakketun, Nesbyen, fekk høgste poengsum i hardingfele. Deltakinga her frå fylket var heller lita. Johannes Holsen, Førde, fekk 2. premie i hardingfele kl. B, og Peder Råd, Breim, 2. pr. i vanleg fele kl. B. Kristoffer Teige, Skifjord i Sogn, fekk 3. pr. i hardingfele eldste klasse. Sjur Hesjevoll og Harald Hesjevoll frå Jostedal i Sogn fekk også 2. pr. i hardingfele.